

# Årsmelding for 2014



## Styret

Styret har i denne perioden vore samansett slik:

Øyvind Granberg – leder

Marit Gjermundnes – sekretær

Lene Hestnes – kasserer

Jørgen Kjersem – styremedlem

Ole Jostein Løvik - styremedlem

Tresfjord Bygdelaag har gjennom dei siste åra etablert seg som ein viktig organisasjon for Tresfjord og då som ein aktiv samfunnsdeltakar inn mot kommunen og ut mot lag og organisasjonar og enkeltmenneske i bygda. Dette er eit ansvar laget vil ta på seg, og som nok vil verte endå meir nødvendig i åra som kjem, med tanke på kommunesamanslåinga. TBL har ikkje nokon eigen inntekt, og det må det gjerast noko med. Likevel er økonomien god, grunna bygdemobiliseringsmidla frå fylkesmannen i Møre og Romsdal.

## Blomar langs hovudvegen

Blomane for i år er bestilte, og TBL oppmodar publikum til å ta si økt med vatninga.

## Bygdeutviklingsmidlar

I tråd med klausulane tilknytt tilsegn med bygdemobiliseringsmidlar vart det oppretta ei styringsgruppe som skulle ta seg av bruken av midlane. Grunna manglande interesse frå frivilljuge vart innhaldet i denne styringsgruppa det same som styret i TBL Fristen for prosjekta gjekk ut i mai 2014.

Det var utbetalt 300 000 kroner som vart satt inn på kontoen til TBL for utdeling til dei ulike prosjekta. TBL gjorde vedtak om å halde att ti prosent av tildelte midlar til eigen økonomi. Nokre prosjekt som av ein aller annan grunn ikkje vart fullførte, men som like vel hadde registrert timar, fekk ingen utbetaling, og midlane vert lagt inn i TBL sin økonomi. Det var til saman 11 prosjekt som fekk tildelt midlar.

Fordelinga vart gjort etter denne tabellen, som og kan sjåast på [www.tresfjord.no](http://www.tresfjord.no).

## Tresfjord Bygdemobiliseringsmidlar 2011 - 2014

Prosjekt	Timer	Km	T kr			Summert	Inn		Til TBL		Ut		Kontonummer	Mottaker
			kr	kr	kr		50%	10%	50%	10%	Utbetales			
<a href="#">Turkart</a>	121	45	kr 24 200	kr 182	kr 24 382	kr 12 191	kr 1 219	kr 10 972						Tresfjord Idrettslag
<a href="#">Fiberkabel</a>	138	539	kr 27 600	kr 2 183	kr 29 783	kr 14 891	kr 14 891	kr -						TBL prosjektgruppe
<a href="#">Vennskapsby/stilkonkurranse</a>	126	0	kr 25 200	kr -	kr 25 200	kr 12 600	kr 12 600	kr -						TBL prosjektgruppe
<a href="#">Trygdeheimen</a>	10	0	kr 2 000	kr -	kr 2 000	kr 1 000	kr 1 000	kr -						TBL prosjektgruppe
<a href="#">Kjersemfjellvegen</a>	600	384	kr 120 000	kr 1 555	kr 121 555	kr 60 778	kr 6 078	kr 54 700						Kjersem Fjellstyre
<a href="#">Tursti Tressa</a>	198	0	kr 39 600	kr -	kr 39 600	kr 19 800	kr 19 800	kr -						TBL prosjektgruppe
<a href="#">Tursti Rygdal-Øvstedal</a>	94	94	kr 18 800	kr 381	kr 19 181	kr 9 590	kr 959	kr 8 631						Øvstedal Grunneierlag
<a href="#">Holsbrua Utkikkspunkt</a>	882	0	kr 176 400	kr -	kr 176 400	kr 88 200	kr 8 820	kr 79 380						Tresfjord Idrettslag
<a href="#">Kjærringlassen</a>	77	20	kr 15 400	kr 81	kr 15 481	kr 7 741	kr 774	kr 6 966						Tresfjord Bygdekvinnelag
<a href="#">Småbåthavna Parkbenker</a>	498	20	kr 99 600	kr 81	kr 99 681	kr 49 841	kr 4 984	kr 44 856						Tresfjord Bygdekvinnelag
<a href="#">Dalaskratt'n</a>	387	3636	kr 77 400	kr 14 726	kr 92 126	kr 46 063	kr 4 606	kr 41 457						Dalaskratt'n

<b>Totalt</b>	<b>3131</b>	<b>4738</b>	<b>kr 626 200</b>	<b>kr 19 189</b>	<b>kr 645 389</b>	<b>kr 322 694</b>	<b>kr 75 732</b>	<b>kr 246 963</b>
---------------	-------------	-------------	-------------------	------------------	-------------------	-------------------	------------------	-------------------

Til utbetaling konto nr.: 3910.24.58714

**Totalt kr 322 694**

**Rest kr 53 037**

**Utbetalt kr 300 000**

Satsar	
Kilometer	kr 4,05
Timer	kr 200



Restbeløpet på 53 037 vart lagt inn i TBL sin økonomi.

### *Fiber i bygda*

Fibergruppa som har vore i aksjon, med Ivar Arne Gjeitnes som leiar, har gjort eit formidabelt arbeid for å få fibertilknytning i bygda. Etter det som er meldt frå nettverksutbyggjar manglar det ca to millionar kroner på å kunne få sett i gong arbeidet. Dette ligg no som sak hos kommunen, som på andre året har søkt om midlar frå Nasjonalt kommunikasjonsmyndighet slik at utbygginga kan ta til. Meir informasjon på møte i kommunen sin regi 14.4.15 her i Tresfjord.

### *TV-aksjonen*

TBL tok på seg å koordinere bøsseomberinga til innsamlingsaksjonen sist haust saman med Benedikte Ulrich.

Frå kommunen sine nettsider; Tresfjord:(Kr.23.244 )

Koordinatorar Benedikte Ulrich og Øyvind Granberg. Bøsseberarar :Svanhild Lindset, Benedikte Ulrich, Astrid Myklebust, Arnstein Leikarnes, Lill-Mari Syltebø, Elsa Gjul Sylte, Marit Gjermundnes, Ragnhild Ulrich, Frida Petrine Ulrich Rypdal, Inger Marie J. Sylte

### *Turstiar*

Arbeidet med tursti sør for Vollsbrua er kome godt i gang. Det er grunneigarane sjølve so gjer dette. Det er søkt og vorte innvilga nesten 800 000 kroner frå Direktoratet for Naturforvaltning til opparbeiding av delar av turstien. Her må det gjerast noko meir, innan fristen gjeng ut. Nord for brua er det ennå ikkje dette arbeidet kome i gong.

### *Holsbrua*

Derimot er det ei flott gruppe med Trimgruppa i spissen som har rydda skog og fått fram gamle Holsbrua, og held på å lagar tursti fram åt den heilt i frå Tressa i aust. Det vert no mogleg å sjå brua i all si prakt nedafrå der den strekkjer seg over fossen. TBL har søkt og fått innvilga ein årleg overføring frå kommunen på 4 000 kroner til vedlikehald av brua.

### *Kjersemfjellvegen*

TBL og grunneigarane, og Kjersem Fjellstyre gjekk saman med kommunen til å halde Kjersemfjellvegen vinteropen. Det vart òg, over dei siste åra, gjeve midlar på ca. 5 mill. til opprusting av vegen. Det er òg gjeve statlege midlar til opparbeiding av Helikopterplassen til ein større parkeringsplass, som nå er på plass. Ein ventar også at det vert reist ei varmebu der i løpet av 2015.

### *Juletre*

Den nye ordninga der dei ulike grendelaga skal bidra med ei jule tre på Kjærringplassen ser ut til å fungere godt. Sist jul var det Rypdal som leverte treet, og satte på lysa. Det vart og skipa til eit fint arrangement der lysa vart tende. Til jula 2015 er det Kyrkjesylyte sin tur.

### *Byggefelt*

TBL har saman med grunneigarar og kommunen starta arbeidet med å få til eit byggefelt i bygda. Det er viktig at det gjærast alt ein kan for at folk skal busette seg her. Difor er det viktig at vi kan tilby stader der folk ikkje berre kan, men vil bu. Feltet er forsøkt oppsett i lia frå Tresfjord Museum og nordover, på oversida av husa til John og Jan Arvid Sylte, og fram til grensa til eigedomen til Mattias Sylte. Dette er eit svært spanande prosjekt, som vil ha stor verdi for bygda i åra som kjem. Denne saka ligg no på kommunen sitt bord til handsaming.

### *Syltebakken*

Kommunen la ut til offentlig høyring ei regulering av Syltebakken-området frå Sjøelvbrua til Øygardsbakken i 2013, og det vert arbeidd vidare med dette i 2014. Dette ser spanande ut, og TBL vonar at dette kan verte realisert.

Med andre ord det er mykje som er gjort, og mykje som skal gjærast i åra som kjem, og difor er det viktig at TBL fortsetter å være ein aktiv pådrivar i utforminga av framtida vår, samt at laget fortsatt vil være bindeleddet mellom bygda og styresmaktene. Det er også viktig for bygda at TBL er i stand til å hjelpe andre lag og organisasjonar med det dei treng i forhold til stat og kommune, med tanke på søknadar og anna skriv. Den høge aktiviteten innan bygdelaget tyder på at laget i høgste grad utgjer ein viktig del av det offentlege arbeidet i Tresfjord.

Styret

TBL